

# Årsplan

# Garnes skule SFO

## 2022-23



BERGEN  
KOMMUNE



## SAMMEN I VENNSKAP, LEK OG LÆRING

### Innhold

● Innledning	3
● Styrende lovverk, vedtekter og planer	3
● Satsingsområder	3
VENNSKAP OG FELLESSKAP og tilrettelegging av et godt skolemiljø	4
LEK og tilrettelegging av lekemiljø	4
LÆRING og tilrettelegging av læringsmiljø	5
● Aktiviteter i SFO	
Fysiske aktiviteter	6
Kulturaktiviteter	6
Koding	6
Måltid	7
Lek	7
Andre aktiviteter	7
● Samarbeid SFO – hjem	8
● Årshjul	9
● Praktisk informasjon	10
Søknadsprosess, endring av plass og oppsigelse	10
Plassyper og priser	10
Åpningstider	11
Ferie og fridager/planleggingsdager SFO	11
Langdager – skolefrie dager	11
Dagsplan	11
Henting og levering	12
Klær	12
Ansatte	12
Kontaktinformasjon SFO	12
● Vedlegg 1: Brev til foreldre	13
● Lokale vedtekter	14
● Lenker	16

## **Innleiing**

Garnes SFO gir eit tilbud til barna fra 1.-4. tr, og barn med spesielle behov frå 1.- 7. trinn. Dette skuleåret har me ca 115 barn på SFO, fordelt på 2 baser, 1. og 4. trinn held for det meste til nede i 1. trinn sine klasserom, samt SFO-basen. 2. og 3. trinn brukar klasserom oppe.

Me har eit stort uteområde, med mulighet for ulik aktivitet, idrettsbane og ballbinge, i tillegg har me eit skogholt ved sida av skulen som blir flittig brukt.

Hovedfokuset vårt er trygge og glade barn. Me er opptekne av at ingen skal gå åleine, men at alle skal ha vene og bli gode leikekompiser. Leiken som verktøy har stort fokus hjå oss.

Garnes skule er en Olweus skule, det betyr at me har fokus på antimobbing, og jobbar systematisk med dette programmet gjennom heile året. Dette arbeidet gjennomsyrer haldningane våre og tiltak både på skule og SFO. Det er viktig for oss å sjå skule og SFO i ein samanheng, me jobbar etter det same syn på elevane, og me oppfordrar dei til å vera aktive i eiga læring.

## **Styrande lovverk, vedtekter og planar**

[Opplæringsloven § 13-7 Skolefritidsordninga](#) pålegg skulen å ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. trinn. Den seir også noko om blant anna innhald og tilrettelegging.

[Kapittel 9 A Elevane sitt skolemiljø](#) i opplæringsloven gjeld også for SFO. Den handler om barn sin rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skolemiljø.

[Vedtekter for Bergen kommunes skolefritidsordninger](#) er utarbeida i tråd med § 13-7 i opplæringslova.

[Rammeplan for SFO \(udir.no\)](#) Nasjonal rammeplan for SFO.

[Rammeplan for SFO «Sammen i vennskap lek og læring»](#) set rammer for satsningsområder, aktivitetar, samarbeid SFO-heim, leiinga av SFO og kvalitetsoppfølging i SFO for alle skulefritidsordningane i Bergen kommune.

Også planen for kvalitetsutvikling i bergensskolen [«Sammen for kvalitet – læring»](#) er styrande for SFO. Satsingsområdet for planen er «Læringskompetanse for det 21. århundre – målrettede og medvirkende elever».

## **Satsingsområder**

Satsingsområdet i rammeplan for SFO er «Vennskap, lek og læring i det 21. århundre». Barna sin kompetanse skal fremjast gjennom venskap, leik og læring. Aktivitetane våre bygger opp under desse tre bærebjelkane.

SFO sitt arbeid med å utvikla praksis og dei tilsette sin kompetanse står skriven i skulen sin handlingsplan og tiltaksplan.

## VENNSKAP OG FELLESSKAP og tilrettelegging av et godt skolemiljø

«Skolen skal utvikle inkluderende fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle. Et rauost og støttende læringsmiljø er grunnlaget for en positiv kultur der elevene oppmuntres og stimuleres til faglig og sosial utvikling. Et systematisk arbeid er avgjørende for å skape et trygt og godt skolemiljø.»

UDIR

På Garnes SFO skal barna møte vaksne som er imøtekommende og støttande slik at borna kan kjenne seg trygge når dei skal inn i ein ny kvardag. SFO er ein svært viktig sosial arena for alle barn, der utviklar dei venskap, og gjennom venskap og fellesskap blir kommunikasjon og samhandling utvikla. Dei barna som strevar med dette vil bli sett og få rettleiing av vaksne.

Opplæringslova §9 A omfattar elevane sitt skolemiljø, me er forplikta til å skapa eit trygt, godt fysisk og psykososialt miljø for alle borna. I SFO skal me synleggjera mangfaldet, verdsetja arbeid som fremjar trivsel, helse og læring.

## LEIK og tilrettelegging av leikemiljø

Me har et variert lekemiljø både inne og ute, tilpassa barna sine interesser, alder og forutsetningar. For barna legg me stor vekt på den frie leken. Barna sin leik er indre motivert og ei drivkraft for utvikling av kompetanse og ein føresetnad for lystbetont, livslang læring. I leiken blir m.a. barna sin kreativitet, fantasi, innleivingsevne og kommunikasjonsevne stimulert. Barna sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn, barna får moglegheit til å bearbeida inntrykk og opplevingar, følelsar og erfaringar. I leiken kan barna utforska og utfordra evner og anlegg, både åleine og saman med andre.

Barna skal kunne finne områder der dei kan leike med ulikt materiale. Me har m.a. familiekrok, bilkrok, perlebord, brettspel-bord, lego-bord og teikne-bord. Det er av stor betydning korleis leikemiljøet er organisert, barna skal få vera med å bestemma her. Personalet er seg bevisst at me skal ha eit inkluderande leikemiljø, også for dei som har ulike funksjonshemminger, og me legg til rette for at alle skal kunne delta. I praksis betyr dette at me har bygd bruer over våte områder i skogholtet ved skulen, slik at det er mogleg å køyre der med rullestol.

## LÆRING og tilrettelegging av læringsmiljø

### Læringsarbeid på Garnes skule/SFO

*Skolen skal møte elevene med tillit, respekt og krav, og de skal få utfordringer som fremmer danning og lærelyst. For å lykkes med dette må skolen bygge et godt læringsmiljø og tilpasse undervisningen i samarbeid med elevene og hjemmene. Det krever et profesjonsfellesskap som engasjerer seg i skolens utvikling.*

(Udir, prinsipper for skolens praksis)

*«Garnes skule skal være en trivelig kunnskapsskule der eleven står i sentrum. Undervisningspersonalet og andre tilsatte ved skolen skal bidra til dette arbeidet. På Garnes skule ønsker vi at elevene skal treffen trygge og tydelige voksne som er opptatt av at hver enkelt elev skal få utfordringer på sitt nivå. På Garnes skule møter elevene variasjon i læringsaktivitetene og får mange anledninger til å samarbeide med andre».*

Utdrag frå Pedagogisk handbok, Garnes skule.

Barna si læring tek utgangspunkt i korleis dei opplever verda. Læring blir konstruert og utvikla av barnet som kompetent og aktiv aktør i møte med omgjevnadane. I denne forståinga er læring ein kontinuerleg prosess med utspring i eit sosialkonstruktivistisk læringssyn. Det betyr at læring skjer gjennom aktivitet og i samhandling med andre i eit sosialt fellesskap.

SFO har sambruk med 1. tr, det betyr at alfabet og tall heng synleg på veggane. Dette kan stimulere til utforsking av skriving og lesing. Videre er me opptekne av å ha eit variert tilbod av spel og leikeapparat tilgjengeleg, slik at ulike sansar kan verta stimulerte . Me har også mange ulike spel som bygger opp under talforståing, romforståing og hukommelse.

Gjennom venskap, leik og læring skal SFO legga til rette for at barna får kjennskap til ulike kompetanseområde, td kommunikasjon og samhandling, kreativitet og innovasjon, kritisk tenking og problemløsing. Desse kompetansane vert utvikla gjennom m.a. fysisk leik, rolleleik, frileik, regelleik eller konstruksjonsleik. Dette kan skje via vaksenstyrte aktivitetar eller i barn sin spontane leik.

Barna sin alder og modnad spelar også ei rolle i denne samanheng, me er opptekne av å tilpasse leik og aktivitetar etter dei ulike alderstrinn og med utgangspunkt i barna sine interesser og medverknad.



Rammeplan for SFO trekker fram fire aktivitetsområder som skal bidra til å bygge oppunder vennskap, lek og læring: fysiske aktiviteter, kulturaktiviteter, koding og måltid. Aktivitetene kan være både frie og / eller organiserte.

## Fysiske aktiviteter

Kjenneteikn på god praksis, fysiske aktivitet:

Me legg til rette for fysisk aktivitet gjennom fri leik både på uteplassen, på bana, i skogen, ved sjøen.

Me legg til rette for aktivitetar i nærmiljøet i dei ulike årstidene.

Barna får moglegheit å gå i skogen ved skolen, her er det tre å klatre i, bruer å balansere på, variert underlag å gå på. Me har også eit stort variert uteområde som oppfordrar til ulike formar for fysisk aktivitet.

Nokre av dei tilsette har også vore på kurs i samband med «TL» (Trivesel-leiar-aktivitetar).

## Kulturaktiviteter

Kjenneteikn på god praksis, kulturaktivitetar:

Me lett til rette for varierte kulturaktivitetar som td dramatisering av eventyr, song og musikk både ute og inne. Kunstudtrykket blir konkretisert ved tilbod om svært ulike formingsmateriell, som t.d. maling, teikning, veving, bruk av ulike naturmateriale, garn-arbeid i ulike variantar. Det er viktig at me har eit variert tilbod slik at borna får moglegheit til å reflektera, vera nysgjerrige, kreative og skapande og vera kjende med ulike kulturar sine uttrykksformer.

## Koding

Kjenneteikn på god praksis, koding:

Barna skal få moglegheit til å lære og bruke koding som eit kreativt verktøy. SFO skal bidra med gode inkluderande og planlagde arenaer som inneheld digitale element. Digital kompetanse er ein del av allmennutdanninga i vårt samfunn. Barna skal lære et digitalt språk gjennom leik med program.

Tilsette motiverer barna til å læra av kvarandre, og samarbeida i bruken av koding som verktøy.

## Måltid

«Måltidet skal være et bidrag til utvikling av et sunt kosthold og en god helse. Måltidet i SFO-tiden bør legges opp slik at det kan brukes som en arena for etablering av gode sosiale samspill og læring om helse og kosthold» (Udir 20215)

Kjenneteikn på god praksis, måltidet:

Me har ein person i personalet som har ansvar for matservering, tillaging og bestilling av mat. Det vil bli meir kontinuitet og plan når det er kun ein person som har dette ansvaret. Kvar dag får barna eit enkelt måltid, det kan vera brødmat, yoghurt med musli, graut eller anna varm mat . Dei tilsette set av tilstrekkeleg tid til eit roleg og innhaldsrikt måltid. Måltidet handlar om meir enn å bli mett, det skal vera ein arena for å etablera nye venskap og å skapa eit godt fellesskap mellom barn/barn, og barn/vaksne. Nokre vaksne les bok ved måltidet, og på 4. tr er barna medverkande i tillaging og serveringa.

Me har også innarbeida gode rutinar for hygiene før og etter måltidet.

## Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. På Garnes SFO legg me til rette for, og støttar opp om, at leiken skal stimulera til venskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. Me legg og til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Personalet diskuterer og reflektere over kva leik er, og korleis me som ansvarlege tilretteleggjarar opptrer i møte med leikande barnet.

Det er viktig at me har eit ekstra auge på barn med spesielle behov og hjelper dei inn i god leik med andre barn.

## Andre aktivitetar.

- Ved skulen har me god tilgang til turterrenge, både på fjellet og til sjø, dette nyttar me oss mykje av.
- Me har ein stor fotballbane like ved skulen.
- Formingsaktiviteter, musikk og dans har me ofte.



## **Samarbeid SFO – føresette**

«Hensynet til barnas beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlige instanser.


<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/samarbeid-i-skolefritidsordningen/overordnet-om-samarbeid/>

Det er viktig for oss å ha eit ope og tett samarbeid med føresette slik at det ikkje er vanskeleg å ta opp ting. Me avklarer forventningar til kvarandre på foreldremøter på hausten, og me sender ut eit brev til 1. trinn der me skriv litt om kva foreldra kan forvente av SFO.

Me brukar same informasjonskanal som skulen, Vigilo, og me har ein gjensidig forventning i at meldinger og informasjon vert lese og fylgd opp.

Brevet til føresette på 1. trinn ligg som vedlegg.

## Olweus-årshjul:



### AUGUST/SEPT : God skulestart betyr:

- ekstra fokus på 1. tr, trygge elevane, vera tett på, snakke med foreldra, læra namn, evt bruka namneskilt, alle barna skal føla seg sett og anerkjent for den dei er.

### OKTOBER: Venskap:

Alle skal ha nokon å vera med, leggja til rette for venskap på tvers av trinna. Lage leikegrupper, hemmeleg ven.

### NOVEMBER: Respekt og toleranse:

«Etisk dilemma venn», toleranse for at me er forskjellige, rollespel med ulike tema, spel med påstandar om toleranse.

### DESEMBER: Omtanke:

Hemmelig ven, omvendt julekalender

### JANUAR: Samarbeid:

Lage felles formingsprosjekt. Snakka med barna om temaet.

## FEBRUAR: Mot

Snakka om at me skal tørra å gjera noko me ikkje har gjort før, mot til å sei NEI, snakka om STOPP-regelen. Mot til å smaka på nye matvarer.

## MARS: Kommunikasjon:

Øve på korleis me skal snakka med kvarandre, høflighet, kroppsspråk.

## APRIL: Sjølvbilde:

Skryta av kvarandre, skryta av oss sjølve.

## MAI: Sjølvkontroll:

Vente på tur, snakka om kva me kan gjera om me blir sinte, snakka om følelsar, respekt for at me er ulike.

## JUNI: Ansvar:

Snakka om kva barna ynskjer å ta del i, la dei få ulike oppgåver, ta ansvar for eigne handlingar.

Me lagar plakatar i lag med barna, med viktige ORD, kvar mnd.

## Praktisk informasjon

### Søknadsprosess, endring av plass og oppsigelse

Søknad om, endring av og oppseiing av SFO-plass skjer elektronisk.

### Plasstypar og priser

Informasjon om plasstypar og priser finn du på nettsida Skolefritidsordning – SFO på “Innbyggerhjelpen”. Her se du også pris for SFO-måltida. Dersom du har behov for å søkja om redusert pris for SFO, finn du eigne sider med informasjon og søknadsskjema for dette på Redusert pris for SFO på sidene til “Innbyggerhjelpen”.

I tabellen under er informasjon om vår lokale ordning for dei ulike plasstypane.

Plasstyper	Skoledager	Langdager (skolefrie dager)
Hel plass	7.30-16.30	7.30-16.30
Morgen- og ettermiddagsplass (60 %)	7.30-14.30 eller etter skoletid -15.30	8.15-15.30
Morgenplass	7.30-8.15	Kan ikkje nyttast på langdagar
Dagplass		

### Åpningstider

SFO er open alle virkedager i 11 måneder med unntak av 5 planleggingsdagar.

SFO er stengt heile juli.

### Ferie og fridager/planleggingsdagar SFO

Planleggingsdagar blir:

12. august

15. september

16. september

I 2022 er jule- og nyttårsafta på laurdager og dei blir difor ikkje rekna som planleggingsdagar.

2. januar

19. mai

### Langdager – skolefrie dager

Oppstart etter sommerferien er 1. august.

- Langdagar 01.08. - 11.08.
- Langdagar 11.10. - 15.10. Haustferie
- Langdagar 27.02. - 03.03. Vinterferie
- Langdagar 03.04. - 05.04. Påskeferie  
Onsdag før Skjærtorsdag stenger SFO kl.12.00.
- Langdagar 21.06. - 30.06. Sommerferie

### Dagsplan

07.30 : SFO opnar -Me har roleg leik på SFO-basen, dersom nokon vil ete frukost har dei med eigen mat

08.15: Skulen startar -1. trinn er nede, 2., 3. og 4. trinn er oppe

13.00: Ettermiddags-SFO. -Me et, har grupper eller frileik ute og inne

15.30: Begge basane er saman -Inne eller ute (veravhengig)

16.30: SFO stenger

## Henting og levering

Me kryssar barna inn på ei liste etter kvart som dei kjem og loggar dei inn digitalt på Vigilo på ettermiddagen. På morgon-SFO kryssar me kun inn barna på listar.

Når barna går for dagen er det svært viktig at dei gir beskjed til ein voksen som då stryk barnet frå lista og så vert dei sjekka ut frå Vigilo. Me ynskjer i hovudsak at borna skal ha faste heimsendingstider, fortrinnsvis ved heil eller halv time. (Bussavgangar er sjølvsagt utanom dette) . Evt dagsbeskjedar skal meldast skriftleg på melding i Vigilo.

## Klede

Det er lite garderobepllass på skulen, men eit skrift med byttetøy er nødvendig. Hugs også å ha klede som høver til veret, og skriv gjerne namn i kleda.

Ein gong pr år vert «gjenglemt tøy» levert til Fretex.

## Tilsette:

Marit Hundvin, avdelingsleiar

Ingrid Lie Ommedal, vikar avdelingsleiar august-desember 2022

Grete Haugen, gruppeleder -august-desember 2022

Beth Hammersland, assistent -august-desember 2022

Grete Leiknes

Silje Nordås

Anita Mykkeltvedt

Linda Henne

Jane Endresen

Anita Jensen

Ina Raad Oen

Hilde Sørum

## Kontaktinformasjon SFO

Avdelingsleder Marit Hundvin

TLF KONTOR: 53037056

[Marit.hundvin@bergen.kommune.no](mailto:Marit.hundvin@bergen.kommune.no)

Garnes skule

Øvre Seimsmark 52, 5260 INDRE ARNA

MOBIL SFO: 40909481

TLF SFO: 53037067

Vedlegg 1:

Til føresette på 1. trinn:

*Me vil passe på at ditt barn får ein tydeleg plass her på Sfo, det betyr at barnet ditt skal få vera seg sjølv, med sin personlighet, med sine forventningar, med sine talent, ja med heile seg. Me ynskjer å gje barnet ditt opplevinga av å høyra til ved å bruka namnet når me møtes, og å vera nysgjerrig på kven dette nye barnet er.*

*Me vil bidra til at ditt barn får ein plass i barnegruppe, me vil vera på utkikk etter om ho/han er komfortabel i leik med andre barn , og evt hjelpe inn i leiken der det trengs.*

*Me ynskjer å vera trygge vaksne for ditt barn, som ser når barnet ditt har noko å fortelja, eller treng hjelp/er lei seg eller berre vil ha eit fang å sitje på.*

*Me vil gjerne støtte «ditt prosjekt», som er å vera mor eller far. Derfor tek me oss den friheit å invitera til eit samspel:*

- 1) *Du som forelder har ein enorm påverknad i forhold til ditt barn, du er enno det store forbilde. Derfor er det avgjerande for korleis du omtalar skule/SFO når barnet ditt høyrer på.*
- 2) *Fint, tenkjer me, om du bidreg til barnet si sosiale utvikling ved å visa at du er positiv og open ovanfor andre barn og familiar. Om du blir kjend med leikekameratane til barnet ditt er det godt for alle.*

*Garnes skule vart Olweus-sertifisert i starten av skuleåret, SFO er også ein del av arbeidet med å førebyggje mobbing og uønska åtferd.*

*Me sender ut månadsplanar, og anna informasjon frå SFO . Dersom barnet ditt har behov for tilpassningar i forhold til mat eller helse vil me gjerne ha dette skriftleg.*

*Me er svært opptekne av å ha opne samarbeidskanalar heim – SFO, derfor er me glade for alle direkte tilbakemeldingar, både ris og ros.*



## Vedlegg 2:

### **LOKALE VEDTEKTER FOR GARNES SFO**

#### **(SKOLEFRITIDSORDNING)**

##### **1. Forankring og hjemmel**

Garnes skule-SFO sine vedtekter er forankra i [Vedtekter for Bergen kommunes skolefritidsordninger, revisert 28.04.2021](#) (§11).

##### **2. Opningstider/-dagar.**

SFO er open alle virkedagar i 11 månader unntake 5 planleggingsdager. For skuleåret 2021-2022 er desse dagane stengt: 12. aug, 15. sept, 16. sept, 2. jan og 19. mai.

SFO er stengt i heile juli.

SFO stenger 12.00 onsdag før skjærtorsdag.

Ein kan velje mellom heil eller redusert plass:

- Heil plass er: kl. 7.30 - 16.30 kvar dag
- Redusert plass er inntil 60% av SFO tida
- Redusert plass kan vera:
  - Kl. 7.30 til kl. 14.30
  - Etter skuletid til 15.30
  - Eller 2 dagar ei veke, 3 dagar neste veke
- Oppseiing av plass må skje skriftleg med ein månads varsel, oppseiingstida vert rekna frå den datoен oppseiingar vert registrert ved skulen/SFO og ut neste månad. Ved oppseiing etter 1.april må ein betale til og med juni månad.
- <https://www.bergen.kommune.no/innbyggerhjelpen/skole/grunnskole/skolefritidsordning/skolefritidsordning-sfo>

##### **3. Organisering og bemanning**

Rektor har det overordna faglege og administrative ansvar for SFO.

Avdelingsleiar SFO har ansvar for den daglege drifta.

Samarbeidsutvalet ved Garnes skule er styret for Garnes SFO.

SU har rett og plikt til å handsama saker som gjeld SFO.

Alle foreldre i SFO er med i foreldrerådet.

#### **4. Inne- og uteareal**

- a. **Bruk.** SFO disponerer skulen sine lokaler (sambruk) både inne og ute.
- b. **Samla areal.** Skulen og SFO sitt bruttoareal er innanfor gjeldande regelverk med 2 kvm inne og 30 kvm ute per barn.

#### **5. Bruk av inventar og utstyr.**

Sambruk med skulen.

#### **6. Organisering av smøremåltid.**

Måltida vert gjennomført i klasseromma, oppe og nede. Det vert servert eit enkelt smørjemåltid, yoghurt m gryn, nokre gonger varm mat og graut kvar fredag. Jfr Bystyresak «Saman i vennskap, lek og læring- helhetlig plan for SFO i Bergens kommune» der «Bergensmodellen » for SFO blei vedteken 1. jan 2018. Pris på måltidet blir vedteke av bystyret i samband med årleg budsjettforhandling.

#### **7. Samarbeid skule/SFO.**

- a. Avdelingsleder SFO er ein del av skulen sitt leiarteam.
- b. Me har dagleg kontakt og informasjonsoverføring mellom skule og SFO.
- c. SFO deltek på ansvarsgruppemøter.
- d. Felles planleggingsdagar for heile personalet.
- e. Skule og SFO samarbeider om overgangen frå barnehage til skule.

#### **8. Foreldresamarbeid**

- a. Besøksdag (ettermiddag) for nye SFO-barn (1.trinn) før sommaren.
- b. Avdelingsleiar -SFO besøkjer dei ulike barnehagane i nærmiljøet.
- c. Eit foreldremøte for dei nye SFO-barna i samband med besøksdag.
- d. Dialog ved behov gjennom telefon, sms og e-post.

Vedtektena er gyldige inntil avtalen vert revidert og godkjent av skulen sitt samarbeidsutvalg, eller når Bergen kommune endrar vedtektena.

## Lenker

- Opplæringsloven § 13-7.*Skolefritidsordninga:*  
<https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-7>
- Opplæringsloven Kapittel 9 A. Elevane sitt skolemiljø :  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL\\_11](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_11)
- Vedtekter for Bergen kommunes skolefritidsordninger:  
<https://www.bergen.kommune.no/styringsdokument/1789101>
- Rammeplan for SFO «Sammen i vennskap, lek og læring» Bergen kommune:  
[https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00331/Rammeplan\\_SFO\\_Berge\\_331784a.pdf](https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00331/Rammeplan_SFO_Berge_331784a.pdf)
- Sammen for kvalitet – læring. Plan for kvalitetsutvikling i bergensskolen 2016/17-2019/20:  
[https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00331/Sammen\\_for\\_kvalitet\\_331829a.pdf](https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00331/Sammen_for_kvalitet_331829a.pdf)
- Innbyggerhjelpen Bergen kommune – Skolefritidsordning:  
<https://www.bergen.kommune.no/innbyggerhjelpen/skole/grunnskole/skolefritidsordning>
- Regelverk for skolefritidsordningen (SFO):  
<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skolefritidsordningen-SFO/>